

# Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



## Møtereferat styremøte 3. januar 2015 – hjå Inger

Sak	Referat frå saker avgjort via chatt på facebook	Ansvar mm.
38/14	<b>Innkalling til årsmøte via Våre Spaniels</b> Innkallinga og spalta vart sendt redaktøren, men kom ikkje med i bladet likevel. Me har fått lovnad på å få dekke ekstrautgifter til porto sidan me no må sende innkalling via post.	Inger
39/14	<b>Me søker om dobbelt rallysysteme i Årdal i oktober</b> Me får leige ridehallen for ein bra pris. Dommar Kirsten Kahrs har sagt ja til å dømme.	Laila
40/14	<b>Bestillinger av rosettar SEINEST 1. desember hvert år.</b> Inger har talt rosettar. Me skal ha til 1-2-3 rally. Bruke dei gamle cert rosettane frå utstilling. Dei er store og fine. Skal bestille prøvevinner-1-2-3 til blodsporprøvane.	Inger har bestilt. Må sjekke opp att status grunna spørsmål om rallyrosettar.
41/14	<b>Medlemsinfo er sendt ut</b> På mail til dei som har mail, i posten til andre + på heimsida	Inger
42/14	<b>Heimeside</b> Ny side er oppe og går. Inger legg ut info. Laila tek seg av kontakinfo/styre	Inger + Laila
43/14	<b>Premiar til godkjent jaktanleggsprøve + årets mestvinnande</b> Inger lagar og bestiller fotokrus	Inger
44/14	<b>Medlemsmøter/treff/treningar</b> Alle spanieleigarar får vera med på ei samling som ikkje medlem for å sjå korleis me har det i klubben vår. Seinare må ikkje-medlemmer betala for å vera med på treff/samlingar. Dette gjeld IKKJE fleire medlemmer i ein familie der minst ein i familien er medlem.	Per Ståle
45/14	<b>Treff/samling i Florø</b> Inger/Laila hjelper til. Per Ståle har hovudansvar	Per Ståle
46/14	<b>NSK sentralt skal ha arbeidsgruppe for å utrede utstillingspolitikk</b> Dette er viktig, men det er upraktisk å ha nokon med her frå fylket. Styret fremmar forslag til HS på Ellen Getz Wold. Inger sender melding om dette til HS.	Inger
47/14	<b>Pålagt av HS å kjøpe 4 spanielkalendere</b> Styremedlemmene får kvar sin og Per Ståle betalar HS kr. 200	Per Ståle
Sak	Referat frå saker avgjort på styremøtet 03. 01	Ansvar mm.
1/15	<b>Rallykurs/trening ridehallen på Kaupanger 15-15 februar</b> Vanskeleg å finne ein dato når Inger/Laila kan. Elin Anita prøver å få pris på leige av hall. Kr. 800 for medlemmer på kurs, kr. 1000.- for ikkje medlemmer. Prøver å få til eit samarbeid med Luster HK så me køyrer dobbelt kurs og dermed får fleire å fordele halleige på. Banetrening/konkurransse kr. 100.- pr hund (2 dagar).	Elin Anita avtale hall  Inger annonsering, påmelding, kurs
2/15	<b>Dommarar prøvar 2015</b> Rallylydigheit: Kirsten Kahrs Ordinær jaktanleggsprøve/apportprøve: Ellen Getz Wold Bevegelege sporprøvar: Torstein, Inger, Andreas, Arvid og Elin Anita når ho er ferdig utdanna Dommar bevegeleg jaktanleggsprøve – 2 periodar: 1. periode Inger, 2. periode: Ellen 3 ordinære blodsporprøvar: manglar enno	Laila Hilde

	<b>Saker som skal opp på årsmøtet</b>	
3/15	<b>Aktivitetsplan/budsjett – sjå vedlegg</b>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter vedtak
4/15	<p><b>Jaktanlegg – regelverk – sak til RS</b>  Gjeld tilleggsbestemmelsane som aldri var ute på høyring til avdelingar/dommarar. Desse tileggsbestemmelsane er uklare og virkar urimelege/mot sin hensikt:  Frå regelverket: «Bevegelig prøve kan arrangeres som flere delprøver på forskjellig datoer. Alle delprøver skal dømmes av samme dommer. Det godtas bare én start per klasse for samme hund ved hver delprøve. For gjennomføring av hver delprøve kreves minimum tre ekvipasjer fra minst to forskjellige oppdrettere.»</p> <p>Me ynskjer å få fylgjande avklart på RS:  1: Kva er definisjonen på ein delprøve?  2: Kvifor må det vera ein og same dommar på ein delprøve? Er det ikkje betre å skrive at hunden skal dømmast av ein og same dommar?  3: Krav om minst tre hundar frå to forskjellige oppdrettarar. Dei kan i praksis vera eigde av ein og same person. Og hjå oss bryr hundane seg lite om kven som eig dei eller kven som har oppdretta dei.... Det kan også vera vanskeleg i distriktet å få tre hundar til same tid på ein bevegeleg prøve.</p> <p>Forslag til ny tekst: På bevegeleg prøve skal det under heile prøven vera til stades minst tre personar, og minst ein av desse personane skal ikkje ha nær relasjon til eigar/førar av den startande hunden. I praksis vil dette sei dommar, hundeførar og ein tredje ugild person. Den ugilde personen» skal signere på at han/ho har vore til stades på heile prøven på dømmeskjemaet.</p>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter vedtak.
5/15	<p><b>Bestått jaktanleggsprøve – J på stamtavla – sak til RS</b>  RS har tidlegare vedtatt dette UTAN at noko har skjedd! No er dette meir aktuelt enn nokon gong når det vert innført mellomtitlar i både lydighet, rallylydigheit og agility. For å få heva statusen for både jaktanleggsprøve og jaktprøve, bør det vera ein mellomtittel J for bestått jaktanleggsprøve/premiering på jaktprøve uansett klasse.</p>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter vedtak
6/15	<p><b>Bestått jaktanleggsprøve/premiert på jaktprøve – sak til RS</b>  Me ynskjer ein oversikt over alle hundar som har bestått jaktanleggsprøve og alle hundar som er premiert på jaktprøve på klubben si heimeside. I denne oversikten bør det gå fram kva poengsum hundane har fått for bestått jaktanleggsprøve totalt og kva poengsum dei har fått for dei ulike delmomenta. Dette for at det skal vera lettare å finne informasjon ved val av hannhund. Ved jaktpremiering må det gå fram kva klasse hunden har starta i. Ved innføring av resultat i dogweb må ALLE startar gå fram uansett resultat – ikkje berre det beste resultatet slik som i dag.</p> <p>I regelverket står det: «Ved Jaktanleggsprøve skal arrangør spesielt sikre at det registreres i Dog WebArra. dersom noen av hundene ved vannarbeidet ble kvalifisert for start på Jaktprøve i Begynnerklasse, BK.» Me er usikre på korleis dette skal gjerast i praksis.</p>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter vedtak
7/15	<p><b>Kvelpeformidling – heimesida – sak til RS</b>  Informasjon som vert lagt inn bør oppdaterast.  - ta inn HD-index for engelsk springer spaniel</p>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- ta inn innavlsprosenten for kullet</li> <li>- ta ut sporpremiering – det er mange bruksaktivitetar spaniels kan vera med på og spor er berre ein av dei. Dette kan skrivast under teilleggsopplysningar på lik linje med lydighet, agility osv.</li> </ul>	vedtak
8/15	<p><b>Våre Spaniels – forslag til endringar – sak til RS</b></p> <p>1: Årets mestvinnande på utstilling. Ikkje bruka spalteplass på dette før vinnarane vert presentert i nr. 1 kvart år saman med bruksprøvevinnarane. Når listene kjem i bladet er dei alt forelda. I staden bør ajourførte lister leggjast fortløpande ut på klubben si heimeside.</p> <p>2: Championat-presentasjon</p> <p>Me synes at dei nye championanen bør få større bilder. I dag virkar det som dårleg utnytting av plassen. Folk ynskjer å sjå størst mogleg bilde av hundane. Kan vera frå 4-6 nye champions pr side. Heller ta ned størrelsen på teksten.</p>	Skal ut på heimesida og sendast HS etter vedtak
	<p><b>Arbeidsfordeling i styret våren 2015</b></p> <p><b>Inger</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hovudansvar for alle jaktanleggs- og apportprøvar</li> <li>- Hovudansvar rallylydigheitskurs</li> <li>- Hovudansvar utsending av årsmøteinformasjon, årsmelding, styrereferat</li> <li>- Hovudansvar heimeside</li> <li>- Hovudansvar avdelinga si side i Våre spaniels</li> <li>- Brukskontakt i avdelinga</li> </ul> <p><b>Elin Anita</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ordnar med hall til rallykurset</li> <li>- Hovudansvar premiar</li> <li>- Hjelper til på alle felt</li> <li>- Hovedansvar arrangement av sporkurs</li> </ul> <p><b>Laila</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hovudansvar for alle sporprøvene – ordinære og bevegelege</li> <li>- Hovudansvar og påmeldingsadresse dobbelt rallyprøve i Årdal</li> <li>- Hovudansvar jaktkurs saman med Per Ståle</li> <li>- Premiar generelt</li> <li>- Heimeside – styreinformasjon</li> </ul> <p><b>Per Ståle</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hovudansvar rekneskap/økonomi</li> <li>- Jaktkontakt i avdelinga</li> <li>- Hovudansvar lokale ting på jaktkurset</li> </ul>	

Ref Inger